



IL BJØRN
SKI

INNBYDING TIL KRINSRENN I KLASSISK

IL Bjørn ynskjer velkomen til krinsrenn i Leirdalen.

Tid: Søndag 20. desember kl. 12.00
Stad: Leirdalen (15 km frå Gaupne)
Stil: Klassisk
TD: Tor Arne Hov

Påmelding på www.minidrett.no seinast **fredag 18/12 kl. 23:59**.
Startkontingenten vert fakturert klubbane i etterkant av rennet.

MERK! Støtteapparat og føresette må også melde seg på rennet på førehand gjennom rennpåmelding i Min idrett. Dette grunna avgrensing på maksimalt 200 personar til stades på arrangementet. Meld på i klasse «Støtteapparat og føresette».

Klassar, løypelengder og startkontingent:

Gutar/menn	Lengder	Jenter/kvinner	Lengder	Startkontingent
7 år og yngre	1 km	7 år og yngre	1 km	Kr. 130,-
8 - 10 år	1 km	8 – 10 år	1 km	Kr. 130,-
11 og 12 år	2 km	11 og 12 år	2 km	Kr. 130,-
13 og 14 år	3 km	13 og 14 år	3 km	Kr. 130,-
15 og 16 år	5 km	15 og 16 år	5 km	Kr. 130,-
17 og 18 år	10 km	17 og 18 år	5 km	Kr. 150,-
19 / 20 år	15 km	19 og 20 år	10 km	Kr. 150,-
Menn senior	15 km	Kvinner senior	10 km	Kr. 170,-

Premieutdeling med premie til alle etter rennet.

Deltakarar som er 10 år og yngre får premie rett etter målgang.

Løypekart og startliste vert lagt ut seinast laurdag kveld.

Tidtaking med EMIT tidtakarbrickar for alle klassar. Løparar med personlege brickar brukar desse. Løparar utan brickar blir fakturert for brikkeleige via klubb. Minner om krav til skilisens i forhold til gjeldande reglement.

Parkering: 50 kr. Betal på vipps nr. 141231 – IL Bjørn skigruppa.

Fluor: Sogn og Fjordane Skikrins oppmodar om at det i alle arrangement i skikrins si terminliste kun skal brukast fluorfrie gliprodukt i sesongen 2020/21; <https://www.skiforbundet.no/sogn-ogfjordane/nyhetsarkiv/2020/12/informasjon-fluorforbod/>

For alle klassar til og med 16 år gjeld Norges Skiforbund sitt forbod mot fluorholdige gliprodukt

Smittevern

På grunn av den pågåande koronapandemien oppmodar me om maks. 1 føresett pr. løpar på rennet.

Alle som møter på rennet **skal** følgje dei generelle smittevernråda som gjeld i samfunnet:

- Ved symptom på sjukdom skal ein halde seg heime



**I.L. BJØRN
SKI**

- Hugs god hand- og hostehygiene
- Hald minst 1 meters avstand
- Alle må registrere seg når dei kjem til arenaen (arrangør hjelper til med registrering).

Info fram mot rennet blir lagt ut på [facebookside til skigruppa](#).

Vel møtt til skirenn i Leirdalen!

Rennleiar Åge Lie

Mobil: 93426411, aalie@online.no